

Møte i Fjærland legat 17. desember 2009

Møtet tok til kl 20⁰⁰, hjå Knut P. Bøyum

Desse var tilstades: Sjur Mundal, Gunvor H. Bøyum, Claus Kvamme, Anders J. Bøyum, Wigdis Våtevik, Sverre Tufte Mundal, Knut P. Bøyum.

Avviklingsstyret i Fjærland legat nr. 1 fatta følgjande vedtak:

Sak 1.

1. Legatsummen vert ført over til Bygdautvalet i Fjærland. Midlane skal vera urørde til hovudstolen når kr. 150.000,- Etter den tid skal hovudstolen framleis vera urørd, men renteinntektene kan nyttast av Bygdautvalet i Fjærland. Som hovudregel skal $\frac{1}{4}$ av avkastningi leggjast til hovudstolen, medan $\frac{3}{4}$ skal nyttast til drift av Bygdautvalet i Fjærland eller gode føremål i Fjærland
2. Endringar av hovudstolen krev vedtak fatta på 2 – to – påfylgjande årsmøte i Bygdautvalet i Fjærland.
3. Dersom Bygdautvalet i Fjærland vert oppløyst, skal hovudstolen først over til anna allmennyttig lag/organisasjon i Fjærland, og desse statuttane skal først vidare i nemnde lag.

Sak 2.

Møteprotokollen, rekneskapsbøker og anna korrespondanse vert deponert på Fylkesarkivet på Leikanger. Bygdautvalet i Fjærland står som framtidig eigar av desse dokumenta.

Dette dokumentet er ei avskrift av det underskrivne møtereferatet.